



Thomas Ask  
Ikenberget 28  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/10397 - 21/86111

Saksbehandlar:  
Atle Vaage  
atle.vaage@alver.kommune.no

Dato:  
17.12.2021

## **Samtykke oppføring forstøtningsmur - gbnr 137/573 Alver**

Viser til telefonsamtale og tilsendt skriv.

Eigedomsforvaltning avdeling for bygg, areal og grønt har ikkje innvendingar mot at du får løyve til å oppføra støttemur som vist på illustrasjonane i søknaden langs austre/bakre del av din tomt 137/591.

Tomta grenser inn mot ei bratt bergskråning på kommunalt eigd friområde på 137/351. Tiltaket kjem såleis ikkje i konflikt med bruken av friområdet. Nødvendig inntilfylling inn mot bergskråning kan skje inn på kommunen sin eigedom i tråd med det som er vist på illustrasjonane i søknaden.

Vi gjer merksam på at oppmuring og inntilfylling kan føra til endra avrenning ved nedbør. Du ber sjølv ansvaret dersom oppføring av muren fører til at avrenning gir problem på din eigedom eller naboeigedomane.

Vi gjer vidare merksam på at dette skrivet berre er eit samtykke frå eigedomsavdelinga om at du kan søka om å utføra sjølve tiltaket. Sjølve søknad enskal avgjerast av avdeling for byggjesaker.

Med helsing  
Alver kommune, Bygg, areal og grønt

Atle Vaage  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Thomas Ask

Ikenberget 28 5911

ALVERSUND